

SV vil bruke krafta strategisk

Vedteke av SV sitt landsmøte 31. mars 2019.

Verda står foran ein alvorleg klimatrussel. Norsk fornybar kraft er viktig i klimakampen, både for å bruke den til å kutte utslepp og utvikle industri vi er avhengige av for å løyse klimaproblemet.

Norsk vasskraft har vore og er avgjerande for utbygging av ein kraftkrevjande industri her i landet. Rimeleg tilgang på rein og fornybar energi har gitt arbeidsplassar og næringsutvikling over heile landet. Dette fortrinnet vil SV fortsatt ta vare på og sikre. Føreseielegheit og tryggleik er viktig for industrien. Derfor vil SV fortsatt prioritere fornybar kraft til industrien gjennom ulike ordningar som sikrar dette.

I januar 2019 har me hatt rekorddyr straum. Den brå prisauken i straum har vore vanskeleg for mange hushald. Etter forslag frå SV kom regjeringa med forslag om å auke bustønadene for dei som fekk størst problem med den høge straumprisen.

Offentleg eige av kraftselskapa er viktig, og må sikrast. Vi må stille dei same krava til offentleg eigarskap for vindkraft som vi har for stor vasskraft. Auka eksport og auka forbruk krev store investeringar på straumnett. Til no har Statnett kunna bruka noko av fortienesta frå eksport til desse investeringane, noko som har halde prisveksten på nettleige nede for norske forbrukarar.

Men det er usikkert om denne subsidieringa kan halda fram etter norsk tilknytning til EUs energiunion. Derfor risikerer me at rekninga for krafteksport blir sendt heim til norske forbrukarar, på toppen av auka straumprisar. SV krev at det også i framtida skal vere mogleg å bruke inntektene frå krafteksporten til å redusere nettleige.

Ei balansert kraftutveksling med nabolanda våre er fornuftig for å sikra stabil tilgang på kraft, og kan medverka til å fasa ut klimafiendleg kraftproduksjon i nabolanda våre. Norske kraftprodusentars fremste oppgåve skal vere å sikre trygg og tilstrekkeleg kraft over heile landet. Tilgang på kraft til stabile og føreseielege prisar er viktig for industriell utvikling. For SV er det viktig å sikre norsk industri langsiktige og føreseielege kraftavtaler. Energieffektivisering og auka kraftproduksjon er blant dei viktigaste tiltaka for å betre tilgangen på kraft og sikre stabilt låge kostnader.

Framtidas jobbar skal vere trygge, gode og grøne. Størsteparten av dei nye jobbane som blir skapt i privat sektor er i næringar med låg organiseringsgrad. Det blir tilsvarande færre av dei godt organiserte og høgproduktive arbeidsplassane i industrien.

Fornybarnæringa har høg organisasjonsgrad og er ei av våre viktigaste framtidsnæringer. Den sysselsett allereie i dag nesten 20 000 personar, og bidreg med fleire titals milliardar til fellesskapet. SV er derfor kritisk til auka eksport av vasskrafta. Me må foredla naturressursane våre, og sikra at verdiane kjem dei mange, ikkje dei få, til gode.

SV vil:

- Gå imot fleire eksportkablør før me har hausta erfaringar av dei to påbegynte kablørane til Tyskland og Storbritannia. Samfunnsnyttene må vera tydeleg dokumentert før det eventuelt kan byggast fleire utanlandskablør.



- Sikra at alle utanlandskablar på norsk side er eigd og kontrollert av Statnett, og stoppa den føreslåtte NorthConnect-kabelen til Skottland.
- Ha ein strategisk forvaltning av fellesskapets naturressursar for å auka verdiskaping og foredling i miljøvennleg fastlandsindustri.
- Auka den grønne fastlandsindustriens del av verdiskapinga i Noreg.
- Auka bustønaden for å redusere usosiale verknader av periodar med høge straumprisar.
- Vi må stille dei same krava til offentleg eigarskap for vindkraft som vi har for stor vasskraft.
- Vidareføre CO2-kompensasjonsordninga.